



Møteprotokoll

Utval:	Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar
Møtestad:	Formannskapssalen, Sande rådhus
Dato:	26.05.2026
Tid:	kl 9:30 - 11:40

Desse møtte

Jostein Gurskevik

Alvhild Kvamme Iversen

Jonna-Lise S. Gjerde

Per-Arne Hjelle

Jorunn Rusten

Representerer

UAV

NHF

AUT

LHL

UAV

Funksjon

leiar

nestleiar

medlem

medlem

medlem

Forfall

Mathias B. Gjerde

Dagny Brekke

Representerer

SP

UAV

Varamedlem

Anne Marta Torset

Else Marie Rekdal

Representerer

NHF

NHF

Andre som møtte

Dag Vaagen

Røysteføre: 7

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Helge Kleppe, ingeniør teknisk og landbruk

Jørn Velle Moldskred, kommunalsjef helse og omsorg

Elin Muren Rokstad, informasjonskonsulent/politisk sekretær

Møtet slutt kl 11.40

Til å lese igjennom møteprotokollen saman med leiar vart Alvhild Kvamme Iversen og Per Arne Hjelle valde.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 22/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/3062
PS 23/26	Godkjenning av protokoll	26/3062
PS 24/26	Orienteringar	26/3062
PS 25/26	Referatsaker	26/3062
RS 05/26	Detaljregulering Larsnes sentrum Vest- 1 gong høyring	24/1283
PS 26/26	Sande kommune- forslag til nye innsparingstiltak 2026-2029	26/3068
PS 27/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sande kommune - representasjon i Strategisk samarbeidsutval (SSU) i Helsefelleskapet Møre og Romsdal	23/1670
PS 28/26	Høyringssvar frå Sande kommune – Utredning av innsparingstiltak i båt- og bilambulansetenesta (styresak 114-25)	26/396

Larsnes, 26.05.2026

Jostein Gurskevik
leiar

PS 22/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

PS 23/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 24/26 Orienteringar

Vedtak:

Ingen orienteringar vart lagt fram.

PS 25/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
05/26	Detaljregulering Larsnes sentrum Vest- 1 gong høyring

Vedtak:

Referatsaka vart samrøystes teke til vitande og det vart vedteke innspel til saka.

Behandling:

Helge Kleppe, ingeniør teknisk og landbruk orienterte om saka.

RS 05/26 Detaljregulering Larsnes sentrum Vest- 1 gong høyring

Vedtak:

Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar sitt innspel til sak RS 05/26
Detaljregulering Larsnes sentrum vest:

Parkeringsområdet

Dei ordinære parkeringsplassane bør utvidast til 3 meter. HC-parkeringsplassen bør ikkje ligge inneklemd, men nær innkjørsel. Det er ønskeleg med to HC-parkeringsplassar på parkeringsområdet.

Friområdet

Det er viktig at ein tek vare på dei friområda som er skissert i planen.

Behandling:

Helge Kleppe, ingeniør teknisk og landbruk orienterte om saka.

Rådet hadde følgjande innspel til planarbeidet::

Parkeringsområdet

Dei ordinære parkeringsplassane bør utvidast til 3 meter. HC-parkeringsplassen bør ikkje ligge inneklemd, men nær innkjørsel. Det er ønskeleg med to HC-parkeringsplassar på parkeringsområdet.

Friområdet

Det er viktig at ein tek vare på dei friområda som er skissert i planen.

Innspel til planen vart samrøystes vedteke.

PS 26/26 Sande kommune- forslag til nye innsparingstiltak 2026-2029

Vedtak:**Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar si tilråding:**

1. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren sine forslag til nye tiltak for innsparing i perioden 2026-2029
2. Dei aktuelle tiltaka vert innarbeidd i budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2027-2030
3. Rådet er bekymra for belastninga på heimenestene og nedskjering på ressursar innanfor heimenestene.
Ei nedskjering er belastande både for dei tilsette og for brukarar av tenestene.

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Jørn Velle Moldskred orienterte i saka.

Rådet kom med forslag til uttale som tillegg til kommunedirektøren si tilråding:

Rådet er bekymra for belastninga på heimenestene og nedskjering på ressursar innanfor heimenestene. Ei nedskjering er belastande både for dei tilsette og for brukarar av tenestene.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd saman med uttalen frå rådet.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren sine forslag til nye tiltak for innsparing i perioden 2026-2029
2. Dei aktuelle tiltaka vert innarbeidd i budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2027-2030

PS 27/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sande kommune - representasjon i Strategisk samarbeidsutval (SSU) i Helsefelleskapet Møre og Romsdal**Vedtak:****Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar si tilråding:**

1. Sande kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal HF, punkt 5.2.1 a), med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for endra samarbeidsavtale vert 1. oktober 2026.

3. Kommunestyret gjev kommunedirektøren mynde til å samarbeide med dei andre kommunane i Møre og Romsdal om utveljing av nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal det sikrast at kvar region i fylket vert representert, og at kommunane på søre Sunnmøre får ein representasjon som speglar dei særskilde utfordringane i regionen. Val av nye representantar skal vere gjennomført før verknadsdato 1. oktober 2026.

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Jørn Velle Moldskred orienterte i saka.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Sande kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal HF, punkt 5.2.1 a), med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for endra samarbeidsavtale vert 1. oktober 2026.

3. Kommunestyret gjev kommunedirektøren mynde til å samarbeide med dei andre kommunane i Møre og Romsdal om utveljing av nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal det sikrast at kvar region i fylket vert representert, og at kommunane på søre Sunnmøre får ein representasjon som speglar dei

særskilde utfordringane i regionen. Val av nye representantar skal vere gjennomført før verknadsdato 1. oktober 2026.

Kl 11.30: Jorunn Rusten og Jonna- Lise Skarmyr Gjerde gjekk frå møtet

Røysteføre : 5

PS 28/26 Høyringssvar frå Sande kommune – Utredning av innsparingstiltak i båt- og bilambulansetjenesta (styresak 114-25)

Vedtak:

Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar si tilråding:

Rådet for eldre og personar med funksjonsvariasjonar og levekårsutvalet sluttar seg til framlagt høyringssvar frå Sande kommune til Helse Møre og Romsdal HF om «Utredning av innsparingstiltak i båt- og bilambulansetjenesten», og oversender svaret til Helse Møre og Romsdal innan fristen 1. juni 2026.

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Jørn Velle Moldskred orienterte i saka.
Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

Levekårsutvalet sluttar seg til framlagt høyringssvar frå Sande kommune til Helse Møre og Romsdal HF om «Utredning av innsparingstiltak i båt- og bilambulansetjenesten», og oversender svaret til Helse Møre og Romsdal innan fristen 1. juni 2026.